

# Tryggare med teknologi

■ Ny sykkel gir trim med utsikt ■ Stor interesse hjå kommunane

SOGDAL: I Vik, Årdal og Sogndal prøver dei ut teknologi som kan gjere kvardagen tryggare og enklare for eldre og andre som treng hjelp.

– Utgangspunktet er førestillinga om at samfunnet står på kanten av ei omsorgskrise. Velferdsteknologien er ein av dei tinga som skal redde oss, seier Hilde G. Corneliusen ved Vestlandforskning.

«Velferdsteknologi» er akkurat det ordet lovar – teknologi som hjelper oss til å ha det bra. Innan pleie- og omsorg er dette eit heitt ord, eit løfterikt uttrykk for endringar som er på veg, og som må kome – det blir rett og slett for få omsorgshender i framtida. Innan berre fem år ønsker Helsedirektoratet at 80 prosent av oss bur i kommunar der velferdsteknologi er blitt ein integrert del av pleie- og omsorgstilbodet.

## Ivrige kommunar

Då Vestlandforskning og IT-forum Sogn og Fjordane inviterte kommunane i fylket til eit seminar om velferdsteknologi i desember, strøynde påmeldingane inn. Alle kommunane ville vere der, og over 100 møtte fram. Interesse overraska arrangørane og fortel at kommunane har eit behov; på rådhusa veit dei at det ventar harde tak når dei store etterkrigsskulla tek til å trenge pleie og omsorg. Når den mykje omtalte eldrebølga er her, bør kommunane ha skaffa seg den hjelpa dei kan

## Fakta:

### Vestlandforskning

- Stiftning etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1985.
- Eitt av dei elleve regionale, samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt i Noreg
- Hentar 85-90 prosent av inntektene frå forskingsoppdrag.
- Har både regionale, nasjonale og internasjonale forskingssamarbeid
- 25 tilsette
- Hovedområde: klima, miljø, energi, IKT, reiseliv og regional utvikling
- I samband med 30-årsjubileet til Vestlandforskning, trykker Sogn Avis ein artikkelserie om utvalde forskings- og utviklingsprosjekt.



PILOTKOMMUNAR: Dei åtte kommunane i fylket som er med i dei pågåande pilotprosjekta møttest på Skei 1. juni. I tillegg til Sogndal, Årdal og Vik, deltek Vågsøy, Eid, Stryn, Gloppen og Jølster.

få frå teknologien. Kanskje kan heimetenesta om nokre år gjere nokre av heimebesøka via ein skjerm med tovegs kommunikasjon, medan ein smart behaldar blinkar og varslar om at det er tid for å ta medisinen. Slike tiltak vil naturlegvis vere viktige for dei kommunale budsjetta til pleie- og omsorg.

– Men det er viktig å hugse på at teknologien ikkje er sjølv målet. Målet er å kunne bruke teknologien for å yte tenester av høg kvalitet, seier Corneliusen, som saman med Marta Strandos ved Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) leier prosjektet «Velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane».

## Trim med utsikt

Det komande halvåret skal forskarane følgje pilotprosjekt i åtte kommunar i fylket. I Vik ventar avdelingssjukeleiar Annet Neeleman ved bygde- og sjukeheimen på to trimsyklar utanom det vanlege. Du kan bruke anten beina eller armene, og samtidig som du sykklar, ser du levande bilete frå sykkelrutene i nærområdet på ein skjerm. Neeleman fortel at aktiviteten kan vere givande for fleire enn den som mosjonerer.

– Det er eit sosialt element her òg. Andre kan òg ta del sjølv om dei berre ser på. Filmen stimulerer hukommelsen og kallar fram minne, seier Neeleman. Dei vil plassere ein sykkel på sjukeheimen, og ein i eit lokale som gjer at heimebuande personar med særskilde behov òg kan nytta seg av tilbodet.

– Dette er ei investering som kan bidra til betre helse og auka trivsel for brukarane våre.



NYTT FORSKINGSFELT: Hilde G. Corneliusen ved Vestlandforskning er ein av dei som følgjer med på kommunane si innføring av velferdsteknologi.

Andre stader har ein erfart at personar med nedsett gangfunksjon, pasientar som skal rehabiliterer seg etter til dømes fall eller slag, og ikkje minst, folk som lever med demenssjukdom, har respondert godt på sykkeltraining kombinert med film. Sykklinga vil kunne bidra til at brukarane får betre fysisk funksjon og livskvalitet, seier Neeleman.

## Eit hav av løysingar

Mange heimebuande eldre har ein knapp å trykke på viss noko går gale. Trykkleiksalarn skal snart få selskap av fleire andre duppedittar av ulik farge og fasong. I Japan har dei prøvd ut kunstige kjeledryder som kan vekkje gløymde gleder for dei som har mista mykje av seg sjølve – som det å ha ein varm og malande katt i fanget. Men teknologi kan òg vere enkle innretningar som bidreg til at eldre og pleietrengjande får meir kontakt med familie og vener. Alt du treng for å ha ein koseleg videosamtale med olde-

– Vi har lagt inn den same

## Fakta:

### Behov for å jobbe på ein smartare måte

Vestlandforskning arbeider med kunnskaputvikling og innovasjon i offentlig sektor. – No satsar vi saman med offentlege etatar, næringsliv og brukarmiljø på velferdsteknologi i Sogn og Fjordane, seier Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar for IKT ved Vestlandforskning.

– Vi vert stadig fleire eldre, og på sikt vil ikkje helsesektoren ha nok folk til å gjennomføre helse- og omsorgstenester på den måten som vert gjort i dag. Det er behov for å jobbe på ein smartare måte. Det handlar om både utvikling av ny teknologi og nye måtar å gjere arbeidet på. Kommunane er ivrige på å setje seg inn i korleis dei kan utvikle tenester som involverer velferdsteknologi, seier Grøtte.

barnet ditt, er ein smarttelefon eller eit nettbrett frå butikken. Det meste av velferdsteknologien handlar om å skape tryggleik gjennom å kunne varsle nokon ved uønskede hendingar. Nye variantar av slikt utstyr føreset som regel at bygning der dei skal brukast har raskt breiband. Men kva då om strømmen går eller teknikken sviktar?

– Vi ser at å ta i bruk velferdsteknologi reiser mange problemstillingar, til dømes knytt til internettilgang og beredskap. I staden for at kvar kommune skal finne ut av dette på eiga hand, håpar vi at dei skal få utbytte av å dele erfaringar med kvarandre gjennom dette prosjektet, seier Corneliusen.

## Meldingsløftet

Bakgrunnen for at kommunane no har funne saman for å utforske velferdsteknologi er den



UT PÅ TUR: Dei trenar inne, men får

kjensla av å flytte seg rundt i kjende landskap. Roald Kvam i Motitech, viser tilsette ved Vik bygde- og sjukeheim korleis dei nye treningsssyklane med filmframvisning fungerer.

samarbeid mellom ulike samfunnsaktørar. Det fylket får til, får vi til fordi alle dreg i lag når vi bestemmer oss for det, slik vi har arbeid i skulesektoren, seier assisterande fylkesmann Sogn og Fjordane, der offentlege etatar og næringslivet i fylket jobbar med felles utfordringar, er å takke for at Sogn og Fjordane blei første fylke som kom i mål med alle kommunar.

– Det eg ser meir og meir, er at vårt fylke er einestående på

å ta i bruk velferdsteknologi og ventar mykje av det nye samarbeidet.

## Utviklar samfunnet

– Det er fascinerande at vi i Sogn og Fjordane kan vise at på nokon område får vi til ting nettopp fordi vi er små, kjenner kvarandre godt og byggjer på tidlegare erfaringar med samhandling. Kanskje handlar det om eit så enkelt ord som tillit

– Ei tru på at vi kan få til ting i lag, seier Stensland.

Velferdsteknologi er det nyaste arbeidsfeltet i IT-forum Sogn og Fjordane, som har organisert ei rekkje samfunnsbyggjande satsingar dei siste tjue åra, der private og offentlege aktørar har strekt seg mot felles mål. Som sekretariat i IT-forum har Vestlandforskning vore eit nav for mykje av denne aktiviteten, fortel den noveran-

de leiaren, Gunnar O. Hæreid. – Kva har det betydd å ha eit forskingsinstitutt i dette samarbeidet?

– Eg trur det er tosidig. For det første er det viktig å ha forskarperspektivet med seg i arbeidet vårt, for då får du ei grundigare tilnærming til ting, det er enklare å spreie og formidle lærdomar og dessutan kan det ofte dragast vekslar på internasjonale forskingspartna-

rar. For det andre trur eg det er viktig for forskingsinstitusjonar å vere så praksisnære som Vestlandforskning blir gjennom dette. Instituttet er jo verkeleg med på å forme og byggje samfunnet i dette arbeidet, seier Hæreid.

Idun A. Husabø,  
Vestlandforskning  
redaksjon@sognavis.no

## Sogndal: Eit bygg for framtida

SOGDAL: Veggene i det nye omsorgssenteret i Sogndal skal innehalde alt som trengst for å ta i bruk ulike typar velferdsteknologi i åra som kjem.

I september tek det nye om-

sorgssenteret i Sogndal til å reise seg. Veggene i det nye bygget skal romme infrastruktur som gjer det enkelt ta i bruk nye innretningar.

– Det blir nettilgang i heile bygget, og serverparken for heile kommunen blir flytt til nybygget, seier tenesteleiar for pleie og omsorg, Jarle H. Skaar. Som deltakarar i prosjektet om

velferdsteknologi, ser Sogndal på kva slags grep som kan sikre at nybygg har naudsynt infrastruktur for framtidas velferdsteknologi. Sogndal, Eid, Stryn og Vågsøy prøver å dra nytte av kvarandre sine erfaringar på dette feltet.

## Grunnleggjande

– Vi har lagt inn den same

grunnleggjande infrastruktura som Stryn kommune, som har kome lengre med sitt byggeprosjekt, fortel Skaar.

Ei synleg endring for brukarane blir at pleiarane loggar seg inn på ein veggmontert skjerm når dei er innom omsorgsbustaden eller rommet for å sjå til dei. Der kan pleiarane lese av informasjon om brukarane

dei vitjar og behova deira, og før dei går vidare, skriv dei inn opplysningar som dei tidlegare brukte å notere på papir. Skjermene skal bidra til auka kvalitet og gjere at pleiarane brukar mindre tid på dokumentasjon og meir på dei eldre og pleietrengjande.

## Årdal: Trygt å bu heime

ÅRDAL: Årdal kommune har teke utgangspunkt i to vanlege bekymringar blant pårørande når dei prøver ut nye tryggleiksalarmar for heimebuande eldre. Kommunen har mange heime-

buande eldre. Etter at Årdal la ned ein demensbustad for åtte brukarar, valde dei å bruke frie lønsmidlar til å investere i ei grunnleggjande tryggleikspakke med såkalla «brann- og døgnkontroll».

## Samlar erfaring

Pakka omfattar ein sensor ved døra, slik at alarmen går der-

som den heimebuande går ut av huset om natta. Den kvite boksen Årdal kjøper inn tre eksemplar av, skal monterast i ordinære husvære, og brukar ei vanleg telefonlinje.

– Når brukaren trykkjer på knappen, får ho eller han snakke med ei vakt i andre enden, forklarar Monica Østerbø, leiar i heimesjukepleia i Årdal. Den

same tryggleikspakka skal prøvast ut av Jølster kommune. I deira tilfelle blir sensorane integrerte i veggene på nybygde omsorgsbustader.

Alle erfaringane Årdal, Sogndal, Vik og dei andre gjer seg, skal samlast inn av forskarane, som har stor nytte av å få innsikt i korleis teknologien fungerer for dei han er meint å

hjelp. Men også kommunane har nytte av prosjektet.

– Det er viktig å få forskingsmiljøet med seg, for andre kan få bruk for det vi gjer. Vi dreg vekslar på kvarandre sitt arbeid og snakkar på tvers av kommunane, seier Monica Østerbø i Årdal.